



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

4990

Sagvåg Settefisk AS
v/ Kurt Arne Tyse
Postboks 1068
5407 STORD

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: 12 SEPT 2007
Vår ref.: NVE 200702715-11 rv/sme
Arkiv: 313 /044.4 *Ky st felt*
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Siss-May Edvardsen
57 83 36 66

Sagvåg Settefisk AS - Oversending av løyve

Vi viser til søknad dagsett 10.10.2006.

Vedlagt vert løyve med vilkår fastsett i medhald av vassressurslova sin § 8 for regulering og uttak av vatn frå Storavatnet i Stord kommune oversendt.


Ei grunngjeving for vedtaket er gjeve i notatet *Bakgrunn for vedtak*.

Vi gjer merksam på at løyve etter vassressurslova gjeld i høve til eventuelle verknader tiltaket kan medføre for ålmenta sine interesser knytt til vassdraget. Løyvet gjev ikkje heimel for eventuell oreining av rettar for å kunne gjennomføre tiltaket. Søkjar har sjølv ansvar for å avklare tilhøvet til eventuelle andre med private rettar som vert berørt av tiltaket. Eventuelt kan det søkjast om oreigningsløyve, jf. vassressurslova § 51.

Føresetnad for NVE sitt løyve til vassuttak og regulering er at fiskeridirektoratet gir løyve til auka produksjon av settefisk inntil 2,5 millionar smolt.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet, og sendast gjennom NVE.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Jens Aabel
sjefingeniør

Vedlegg: 2

Kopi:

Stord kommune, Postboks 304, 5402 Stord
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen
Fiskeridirektoratet Region Vest, Postboks L, 6701 Måløy
Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vassdragskonsesjon

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gjeve av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000

vert det gjeve løyve til

Regulering av, og vassuttak frå, Storavatnet til produksjon av settefisk

Meddelt: Sagvåg Settefisk AS, org.nr.: 990011702

Dato: 12 SEPT 2007

Varighet: Ubegrensa

Ref: NVE 200702715-10

Kommune: Stord

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Storavatnvassdraget

Vassdragnr.: 044.4

I medhald av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gjeve av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004, gjev Noregs vassdrags- og energidirektorat med grunnlag i søknad dagsett 10.10.2006 og til vedlagde KTI-notat nr. 69/2007

Sagvåg Settefisk AS

konsesjon til regulering av, og vassuttak frå, Storavatnvassdraget, Stord kommune i Hordaland, til produksjon av settefisk på følgjande vilkår:

1. Reguleringsgrenser, minstevassføring og vassuttak

Utbygginga vil nytte følgjande regulering:

Magasin	HRV kote	LRV kote	Reg. høyde m	Naturlig vasstand
Storavatnet	10,80	10,30	0,5	10,30

Kotehøgden refererer seg til Statens kartverk sitt høgdesystem (Kartblad 1114 I i kartserien M711).

Reguleringsgrensene skal merkast med faste og tydelige vasstandsmerke. Det skal førast protokoll over vassuttaket, og protokollen skal leggjast fram for NVE om det vert krævt.

Det skal slippast ei minstevassføring tilsvarande $0,1 \text{ m}^3/\text{s}$ forbi reguleringsterskelen til ei kvar tid.

Konsesjonen gjeld for regulering og uttak av den mengde vatn det er søkt om ($30 \text{ m}^3/\text{min}$) til produksjon av settefisk og kan ikkje gjerast gjeldande for andre vassdragstiltak eller andre former for utnytting.

2. Byggefristar

Om ikkje arbeidet med bygging av reguleringsterskel og legging av vassleidning er starta opp innan ein frist på 3 år frå dato for løyvet, fell konsesjonen bort. Det same gjeld om arbeidet deretter vert innstilt i meir enn 2 år. Fristen kan forlengjast ein gong av vassdragsmynde med inntil 3 nye år, jf. § 27 i vassressurslova.

3. Konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift osv.

Konsesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta av anlegget å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osv., når dette er ynskjeleg av vitskaplege eller historiske grunner eller på grunn av området sin vakre natur eller eigenart. Dersom slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde verte underretta i god tid på førehand.

4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve, tilsyn osv.

Godkjenning av detaljplanar, tilsyn med utføring, seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som er omfatta av denne posten er tillagt NVE. Utgifter med dette skal konsesjonæren dekke.

Konsesjonæren pliktar å leggje fram for NVE detaljerte planar med turvande opplysningar, utrekningar og kostnadsoverslag for anlegget. Arbeidet kan ikkje setjast i gang før planane er godkjent. Anlegget skal utførast solid, minst mogleg skjemmaende og skal til ei kvar tid haldast i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren pliktar å planleggje, utføre og vedlikehalde hovud- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektonisk resultat vert best mogleg.

Kommunen skal ha høve til å uttale seg om planane for anleggsvegar, massetak og plassering av overskotsmassar.

Konsesjonæren pliktar å utføre ei forsvarleg opprydding av anleggsområdet. Oppryddinga må vere ferdig seinast 2 år etter at vedkommande anlegg eller delar av anlegget er sett i drift.

NVE kan gje pålegg om gjennomføring av plikter i medhald av denne post.

5. Naturforvaltning

Konsesjonæren plikter etter nærmare avgjerd av fylkesmannen

- a. å syte for at tilhøva i **Storavatnvassdraget** er slik at dei stadeigne fiskestammene i størst mogleg grad opprettheld naturleg reproduksjon og produksjon og at dei naturlege livstilhøva for fisk og andre naturleg førekommande plante- og dyrepopulasjonar vert minst mogleg forringa,
- b. å kompensere for skader på den naturlege rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å syte for at vandringsmoglegheiter for fisken i vassdraget haldast oppe og at overføringar utformast sånn at tap av fisk reduserast,
- d. å syte for at fiskemoglegheitene i størst mogleg grad haldast oppe.

II

Konsesjonæren pliktar etter nærmare avgjerd av fylkesmannen å syte for at tilhøva for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte vert påverka av reguleringa i minst mogleg grad vert forringa og om naudsynt utføre kompenserande tiltak.

III

Konsesjonæren pliktar etter nærmare avgjerd av fylkesmannen å syte for at bruks- og opplevingsverdiar for friluftslivet i området som direkte eller indirekte vert påverka av anleggsarbeid og regulering, vert teke vare på i størst mogleg grad. Om naudsynt må det utførast kompenserande tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren pliktar etter nærmare avgjerd av fylkesmannen å koste naturvitskaplege undersøkingar samt friluftslivsundersøkingar i dei områda som vert påverka av tiltaket.

V

Alle utgifter i samband med kontroll og tilsyn med dette vilkåret eller pålegg gjeve med heimel i dette vilkåret, skal dekkast av konsesjonæren.

6. Automatisk freda kulturminner

Syner det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan vere eigna til å skade, øydeleggje, flytte, endre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminner som hittil ikkje har vore kjent, skal melding om dette sendast kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen med det same og arbeidet skal stansast i den utstrekning tiltaket kan røre ved kulturminnet, jf. lov av 9 juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 andre ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. Avbøtande tiltak

I dei delar av vassdraget der inngrep fører til vesentlege endringar i vassføring eller vasstand med omsyn til eventuell oppgang av fisk, kan NVE pålegge konsesjonæren å byggje fisketrapp for å redusere skadeverknader.

Arbeida skal starte opp straks detaljane er fastlagde og må gjennomførast så snart som mogleg.

Eit eventuelt pålegg vil byggje på ein samla plan som ivaretek både private og ålmenta sine interesser i vassdraget. Utarbeiding av pålegget og tilsyn med utføring og seinare vedlikehald er tillagt NVE. Utgifter med tilsynet skal dekkjast av konsesjonæren.

8. Hydrologisk observasjonar, kart osv.


Konsesjonæren skal etter nærmare avgjerd av NVE utføre dei hydrologiske observasjonar som er naudsynte for å ivareta det offentlege sine interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlege.

9. Kontroll med vilkåra

Konsesjonæren tek ansvar for det som til ei kvar tid måtte vere fastlagd av NVE for oppfølging og kontroll med at oppstilte vilkår vert fylgde.

Utgifter med kontrollen erstattast av konsesjonæren etter nærmare reglar som vert fastsett av NVE.

Ved brot på dei fastsette vilkåra, avgjersler i lova eller i medhald av lova sine fastsette vilkår, kan NVE fastsetje ei tvangsmulkt på inntil kr. 100 000 pr. dag eller inntil kr. 500 000 for kvar bot. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. NVE kan justere beløpet kvart 5. år.


Bjørn Wold
avdelingsdirektør


Øystein Grundt
seksjonssjef